

Sensorveiledning for HIS2426 høsten 2019, 3 dagers hjemme-eksamen

Eksamensoppgåvene i HIS2426 har som mål å gje studentane mogelegheit til å visa i kor stor grad dei evner å forstå og resonnera rundt sentrale spørsmål ved norsk og europeisk okkupasjonshistorie. Fokus i pensum og førelesingar har vore på kompleksiteten bak dei dramatiske og grufulle hendingane under andre verdskrig. Eit sentralt kriterium for å gje ei svar på eksamensoppgåver ein god karakter blir difor i kor stor grad studenten viser evne til å forstå den vanskelege røynda folk måtte forholde seg til under krigen. Dette må samstundes ikkje gå over til fullstendig relativisme. Erkjenninga av at einskildmenneske i ulik grad framleis kunne ta val med konsekvensar for seg sjølv og andre må vera på plass.

HIS2426 har følgande eksamensoppgåver:

Svar på éi av desse oppgåvene:

1. **Kva var hovudgrunnane til at 773 jødar vart deporterte frå Noreg under 2. verdskrig?**
2. **Kva for aktørar og handlingar vart det lagt mest vekt på under det rettslege oppgjeret etter krigen i Noreg og Europa?**
3. **Gje ei skildring av nokre viktige val og dilemma som vanlege menneske i det okkuperte Europa sto ovanfor.**

Desse skal svarast på i løpet av ein tredagars heimeeksamen. Heimeeksamen inneber at det stillast krav til at studentane skal bruka referansar i teksten. Alle oppgåvene er sjølv sagt mogeleg å svara på ut frå pensum og førelesingar. Kva som er relevant litteratur for kvar eksamensoppgåve bør gå ganske klart fram gjennom å samanhalda lista over førelesingar med oppgåvene. Andre krav til eksamen ligg på emnesidene.

Oppgåvene er relativt opne, men nokre kjernemoment bør vera med for å gje ein god karakter. For kvar einskild oppgåve er det som følgjer:

Oppgåve 1:

- Innsikt i den heilt sentrale rolla antisemittismen spelte i nazistisk ideologi.
- Innsikt i at initiativet kom frå tyske instansar, men at dei hadde norske medhjelparar som i ulik grad støtta å fjerna jødane frå Noreg. Desse medhjelparane spelte avgjerande roller i prosessen.

Oppgåve 2:

- Innsikt i at det i Noreg var fokus på Nasjonal Samling, kor medlemsskap vart gjort straffbart.. I tillegg skulle «utilbørlig» økonomisk kollaborasjon og einskildhandlingar som tortur og angiveri straffast, sistnemnde spesielt hardt.
- Innsikt i at det internasjonalt var fokus på hovudaktørar i Nazi-Tyskland, samt dei som kunne knyttast direkte til massakrar og konsentrasjonsleirar.
- Innsikt i at i okkuperte land vart fleire heimlege kollaboratørar enn okkupantar dømde, men langt frå alle som hadde kollaborert på tvilsamt vis vart dømde, fordi talet var for stort.

Oppgåve 3:

- Innsikt i at det å leva i eit okkupert land innebar moralske kompromiss, fordi okkupanten hadde så stor kontroll med samfunnet.
- Innsikt i at det å gjera motstand innebar til dels stor personleg risiko.
- Innsikt i at graden av tvang og fare avhang av kva gruppe ein tilhørde.